

Gunslingers til Dønhaug

10.03.2017



Det er alltid topp stemning med Gunslingers på scenen på Dønhauglåven.

Det er ikkje berre Tysnesfest og andre store festivalar som får vitjing av Gunslingers. Onsdag 12. april kjem dei til Dønhaug i Uskedalen for femte gang for å stå for musikken på låvedansen i Påska. På Dønhaug har dei samla full låve kvar gong dei har vore her.



Det var 500 festglde gjester og topp stemning då Gunslingers gjesta Dønhaug i mars i fjar.

Gunslingers har turnert i snart 10 år rundt i Norges land for utselte hus, og dei siste åra, som headliner-band for fleire av dei største festivalane i landet. I 2016 kom bandet med sitt femte album, og har mellom 20-30.000 streams dagleg på Spotify, noko svært få norske band kan konkurrera mot.

Gunslingers er eit svært godt live-band med eit solid sceneshow og passar perfekt til ein Låvedans. Kvar gong Hardanger-bandet har vitja Dønhauglåven har dei skapt stor stemning med høg allsangfaktor. I fjar dukka sjølvaste Lothepus, ein kjenning av bandet; opp med eit stunt på låven, noko som blei svært så populært. Om det same skjer i år, kan me ikkje lova.

Dei to siste åra har alle billettane vore utselde på førehand, så her bør ein vera om seg å sikra seg billett, og ikkje satsa på at det blir billettar att som vert selde i porten. Ein stor del av billettane er allereie selde 1 ½ mnd før arrangementet. På heimesida til Dønhaug og Gunslingers finn de meir informasjon.

Som vanleg vert det bussatransport både til ytre- og indre-luten av kommunen etter at arrangementet er slutt.

Tekst: Magne Huglen

Arkivfoto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland